



Hardanger Big Band (HBB) starta då Arild B. Nielsen starta Jondal musikk- og kulturskule i 1987. 30-årsjubileet vert blant anna feira med ein turné i Roma i helga.

## 30 år med musikkglede

VILDE GRIMELID OPPEDAL

oppdal@hf.no

Nielsen er musikalsk leiar og solist på trompet, flygelhorn og perkusjon. Han budde og arbeidde i Jondal då han starta HBB. Trass i at han i mange år har budd i Bergen og no arbeider som kulturskulerektor i Lindås, har han valt å satsa vidare på storbandet med base i Jondal.

– Eg trur det er alle dei kjekke folk i bandet og at me har det så kjekt i lag som gjer at eg vel å bruka så mykje tid på dette. Dei andre i bandet gjev meg inspirasjon. Eg opplever mykje saman med dei, seier Nielsen.

### Vart inspirert

Då musikkskulen starta, kom det etter kvart mange dugande elevar. Dei var vane med tradisjonell musikk, ikkje noko som likna jazz.

Nielsen vart inspirert til å starta HBB etter å ha hørt på ei plate av Buddy Rich, som styrte storbandet frå trommestolen.

– Sjølv om han er ein av verdas

beste trommisar, tenkte eg "kan han, kan eg", fortel Nielsen med eit smil.

Storbandet byrja med øvingar i biblioteket i Jondal med fleire ungdommar som seinare vart kjende artistar, som Herborg Kråkevik og bassist Sigmund Vik.

Bandet øvd kvar fredag si- den det var då ungdommane kom heim til Jondal. Den tradisjonen held bandmedlemene framleis på.

Nielsen var også med og stifta Harding puls nokre år seinare.

– Det var ei kreativ tid, seier han.

### Fra heile Hardanger

I dag er fleirtalet av musikarane knytte til Jondal eller Kvam. HBB-formann Trond Steinseth fortel at det alltid er god stemning når mange av bandmedlemene, inkludert Nielsen, tek ferja over fjorden annankvar fredag.

– Mannskapet veit når me skal vera med. Det er god lyd i oss når me sit ved vårt faste bord i salongen. Praten går godt, fortel Stein-

stø.

HBB har 18 musikarar. Fre- dagsøvingane varer stort sett i tre til fire timer, men det ligg mykje øving heime i tillegg bak resulta- tet.

Musikarane som pendlar lengst, kører frå Ålvik og Bergen.

### Ekte musikkglede

Nielsen fortel at storbandet har gått trappetrinna for å komma på det musikalske nivået det held i dag. Nivået har vore jamt og godt sidan bandet kom over kneika og fekk ei forståing for jazztradisjo- nen.

– Me spelar litt på vår måte, seier den musikalske leiaren.

Ifølgje Steinseth har musikarane i storbandet har ekte musikkglede.

– Det er veldig kjekt å få spela med Arild, seier formannen.

Storbandet har etter kvart spelt ei rekke stader både i Noreg og i Europa. Viktige spelejobbar har blant anna vore på Vossajazz, Kongsberg jazzfestival, i kon-

serhuset i Oslo og på Berlin Big Band Award.

På Vossajazz i 2010 hadde stor- bandet med seg Kvammakoret og Voss og omland kantori i ei fram- føring av Duke Ellingtons *Sacred Concert*.

– Det var ein topp konsert. Me heldt to konsertar til fullt hus, fortel Nielsen.

### Til Italia

I Roma vert det ei rekke konsertar med flinke jazzmusikarar i helga. Storbandet samarbeider med jazz- songarinna Nina Jori Pedersen, som har budd mange år i byen.

I kveld er storbandet invitert som gjester av Cerveteri kom- mune og skal halda konsert der sa- man med Moonlight Big Band og Pedersen. Laurdag vert det kon- sert på Cotton Club i Roma, som er rekna som ein av dei beste jazz- og svingklubbane i byen, ifølgje Nielsen.

Søndag vert det konsert i fjel- landsbyen Tolfa nord for Roma, der mange nordmenn arbeider og bur. Storbandet skal ha konsert i teateret i byen saman med Pedersen og koret hennar, Coro Con- Corde.

Til hausten kjem kanskje Pe- dersen til Noreg for å turnera med HBB.

– Me såg eigentleg på Frank- rike, men det viste seg at det var enklare å få spelejobbar i Italia, fortel Nielsen, som seier at bandet har lagt ned mykje arbeid for å få i stand turneen.

Storbandet tek til vanleg mot alle typar spelejobbar, frå kon- sertar til bryllaup og 60-årsdagar.

**Eldsjel:** Musikalsk leiar og musikar Arild B. Nielsen (t.h.) har vidd 30 år av livet til Hardanger Big Band. Her er han saman med formann Trond Steinseth.

Kven som helst kan leiga inn ban- det.

### Via livet til undervisning

Nielsen gjekk etter kvart over til å satse meir på undervisning enn å leva av å vera musikar. For å priori- tera HBB, har Nielsen måttå sei frå seg fleire oppdrag som frilans- musikar.

– Eg har ikkje angra på priori- teringa, seier han.

Den driftige musikaren driv eit lyd- og lysfirma i tillegg til rektor- jobben.

– Eg har vidd livet til å under- visa andre. Dei som har vore med i HBB heile tida, har hatt høve til å strekkja seg og verta gode. Det er dei òg, men dei kan verta endå betre, seier den musikalske leiaren.

Sjølv om storbandet har gjeve han mykje glede, har det vore vanskelege periodar. Etter Vos- sjazz i 2010 mista bandet fleire flinke musikarar og måtte byggja seg opp att. Bassisten Sigmund Vik reiste til USA for å studera, og gitaristen valde å verta bonde og leggia gitaren på hylla.

– Det var vanskeleg å sveglja at gitaristen gav seg. Ein skal leita lenge etter ein så dyktig musikar, seier Nielsen.

### Høgt nivå

Ifølgje Nielsen held musikarane i bandet eit høgt nivå. Det gjer at det vert høve for han til å spela meir solo på trompet og flygel- horn.

Musikarar i bandet har akkom- pagnert kjende musikarar som Jens Wendelboe, Bendik Hofseth, Erik Smith og Gisle Torvik. Stor- bandet spelte inn plate med sist- nemnde sommaren 2014 i studioet til Bjørn Otto Wallevik i Ålvik. Nielsen og Torvik tilpassa musiken til Torvik til storbandet.

– Alle gjorde ein stor innsats. Fleire utsette feriedagane, fortel Steinseth.

Trass knallhard jobbing den ei- neste sommaren med mykje fint, varmt vær på mange år, gjekk ikkje lufta ut av ballongen for storban- det.

– Me klarte å halda humøret og stå på viljen oppe, seier Steinseth.

– Og me gjekk rett vidare til nye oppdrag, legg Nielsen til.

### Ei heftig tid

Dei siste 30 åra har ifølgje Nielsen vore ei heftig tid. Åra har gått fort. Han meiner det som er spesielt med storbandet, er at alle musika- rane heiar på kvarandre.

– Dersom ein spelar ein god so- lo, klappar dei andre i bandet. Det er ikkje vanleg i storband. Viss ein musikar har gjort ein spesielt god jobb eller slite med høge tonar på øving i to timer, får han skryt, fortel Nielsen.